

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: *

Tal uprenta vedlegg: *

Lokalisering av vindkraftanlegg - trong for regionale planar

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:

Vestlandsrådet meiner at regionale planar skal leggast til grunn for konsesjonsbehandling av vindkraftutbygging der ein finn det føremålsteneleg.

Prenta vedlegg:

1. Engasjement i forhold til meir langsiktig planlegging for vindkraft. Statusoversikt for vindkraft i dei fire vestlandsfylka
2. Utkast til brev til olje- og energiministeren og miljøvernministeren

Uprenta vedlegg:

1. Orienteringsbrev om tiltak for heilskapleg og langsiktig vindkraftutbygging av 04.03.2005

Saksframstilling

Bakgrunn

Det vart reist eit spørsmål om fylkeskommunen si rolle i samband med framtidig planlegging av vindkraftanlegg i Rogaland Fylkesting 01.03.2005. Problemstillinga er relevant for alle Vestlandsfylka og Rogaland fylkeskommune tok difor saka opp på møtet i Vestlandsrådet i Bergen 04.03.2005. Det var her semje om at det skulle lagast ei eiga sak om temaet til Vestlandsrådet sitt møte i april.

Saksopplysningar

Det har i den seinare tid vore aukande interesse for planlegging av større og mindre vindkraftanlegg på Vestlandet. Enkelte prosjekt er svært omfattande og arealkrevjande og vil ha konsekvensar for store geografiske område. Få prosjekt er førebels realiserte, men det er søkt om konsesjon for fleire saker, andre er melde til NVE og i tillegg sonderer ei rekke aktørar muligkeitene for framtidige utbyggingar. Som det vil gå fram av dei vedlagde statusoversiktene for kvart enkelt fylke (vedlegg 1), er det store areal som nå vert vurderte som aktuelle for framtidige vindmølleprosjekt. Dersom alle prosjekta som nå vert planlagde på Vestlandet vert realisert, vil dette tilsvare ein energiproduksjon langt over den nasjonale målsettinga om 3 TWh vindkraft innan 2010. Bare i Rogaland åleine vil ein kunne få ein samla vindkraftproduksjon i denne storleiksordenen. Det er i tillegg grunn til å tru at interessa for denne energiforma vil skyte ytterligare fart når ordninga med grøne el-sertifikat vert operativ.

Søknader om etablering av vindkraftanlegg vert i dag handsama etter Energilova med NVE som konsesjonsmyndighet. For dei fleste sakene blir det også utarbeida konsekvensutgreiing i medhald av retningslinene i Plan- og bygningslova med NVE som ansvarleg myndighet. Det er opp til kvar enkelt vertskommune om den vil krevje at det skal utarbeidast reguleringsplan for tiltaket.

Die fire fylkeskommunane på Vestlandet har, i tillegg til behandling av enkeltsaker, hatt varierande engasjement i forhold til meir langsiktig planlegging for vindkraft:

- Rogaland har laga ein "Egnethetsanalyse for vindkraft" (2000).
- Hordaland har laget ein Fylkesdelplan for vindkraft 2000-2012.
- Sogn og Fjordane har bakt inn vindkraft som tema i Fylkesdelplan for arealbruk (2000).
- Møre og Romsdal vurderte for nokre år sidan å lage ein fylkesdelplan for vindkraft, men dette arbeidet vart ikkje sett i gang.
(sjá vedlegg 1 for meir informasjon).

Det har frå fleire hald blitt reist spørsmål om behovet for ein landsomfennande plan for vindkraft tilsvarande "Samlet plan for vassdrag". Stortinget vurderte saka i 2004, og konkluderte, m.a. med grunngjeving i omfang og kompleksitet, at ei slik planlegging ikkje var formalstenleg.

Miljøverndepartementet har nyleg (04.03.2005) sendt ut eit orienteringsbrev om tiltak for heilskapleg og langsiktig vindkraftutbygging der tematisk konfliktvurdering og nasjonale retningslinjer for planlegging og lokalisering av vindkraftanlegg vert lansert som nye grep (uprenta vedlegg). Forslag til retningslinjer vil bli sendt på høyring til berørte partar, og det er departementet si målsetting at disse retningslinene skal være på plass innan utgangen av 2005.

Fylkesrådmannen si vurdering

Vindkraftutbygginga sin karakter med mellom anna stort arealbehov tilseier at både langsiktig planlegging og behandling av enkeltsaker bør ha både kommunal- og regionalpolitisk forankring. Utbygging av vindkraftanlegg er ikkje prinsipielt forskjellig når det gjelder samfunnsomsyn enn til dømes vegprosjekt, utbyggingsområde for bustader, næringsliv og liknande. Handtering av vindkraftutbyggingar i dag er prega av mangel på langsiktig og overordna planlegging og ein sterkt sentralisert og sektororientert behandlingsprosess etter særlov.

I samband med utarbeidning av nasjonale retningsliner for vindkraft, er det viktig at retningslinene vert utforma på ein slik måte at dei opnar for at fylkesdelplanar skal kunne utarbeidast i område der fylkeskommunane finn dette føremålstenleg. Samstundes er det viktig at slike planar vert lagt til grunn for konsesjonsbehandlinga. Slike planar må utarbeidast i et nært samarbeid mellom statlege, kommunale og fylkeskommunale styresmakter.

Fylkeskommunen som regional planstyresmakt og regional utviklingsaktør bør spele ei langt meir aktiv rolle i høve framtidig vindkraftpolitikk. Så langt må vi dessverre konstatere at sentrale styresmakter i svært liten grad ser ut til å ville godta regionale, politiske initiativ innan langsiktig planlegging på dette feltet.

Vedlagt følgjer utkast til brev til olje- og energiministeren og miljøvernministeren der ein framfører Vestlandsrådet sitt syn i saka.